

## Støre sin raude heiagjeng

Den norske regjeringa er i dag leia av ein høgremannt frå det høgare borgarskapet i Oslo, med ei personlig formue på vel 140 mill. kr. Han har aldri foretatt seg noko i strid med sine egne klasseinteresser, men for ein del år sidan fann han ut at det var lettare å gjøere karriere i Arbeiderpartiet. Partiskiftet klarte han glatt utan å endre politikk.

Jonas Gahr Støre er 100 % tilhengar av marknadliberalismen, som er den styrande ideologien og grunnlaget for EU, der han framleis arbeider for å få Noreg inn. Han er tilhengar av privatisering og kommersialisering og har støtta opp om delprivatiseringa av Statoil og Telenor, og kommersialiseringa av det norske helsevesenet. Han er den næraste samarbeidspartnaren til NATO-sjef Jens Stoltenberg og har vore sentral i NATO si bombing av Libya og krigar i Syria, Afghanistan m.m. Han er blant drivkreftene i NATO si opprusting og innringing av Russland og med på å presse Ukraina til å stå på som kanonføde for NATO mot Russland.

Støre er "kraftsosialist" i AP si betydning, dvs. mye kraft, men lite sosialisme. Han har gått inn for at norsk natur skal ofrast for vindkraft på land og hav, for kraftkabler, gruver, oppdrett og hydrogen. Dette "grøne skiftet" står ikkje i vegen for full satsing på fortsatt olje og gass. Regjeringa hans vil bygge ut oljefelt langt inn i iskantene. For miljøørsla i Noreg er Støre ein motstandar på alle område.

Støre støtta i all hovudsak opp om den førre regjeringa sin politikk, men måtte finne nokre eigne saker å markere seg på for å kunne overta makta. Han spela da på dei stadig aukande forskjellane i samfunnet under regjeringa Solberg, og lova å snu desse. På nokre område har nokre av dei verste forverringane under Solberg blitt reversert, men utan at det har skjedd grunnleggande endringar, utan at det har kome nye sosiale reformer. Snarare tvert om, har hans regjering si tilslutning til ACER og bygging av straumkabler til utlandet gitt oss den største prisauken på straum nokon gong, med eit stort fall i levestandarden til arbeidsfolk.

Dei få positive tiltaka kan ikkje dekke over at Støre si regjering har ført langt over 90 % rein blå høgrepolitikk. Likevel ser vi i avisa med det stadig meir misvisande namnet Klassekampen at ein der og i Raudt si stortingsgruppe bekymrar seg over at støtta til Støre minskar og at ikkje venstrepartia tilstrekkelig støttar opp om han. Det skjer 15.09.2022 først i ein meir eller mindre redaksjonell kommentar av nyheitssjefen, som beklagar seg over at det ikkje er eit betre samarbeid mellom Støre og støttepartia SV, MDG og Raudt. Dette blir i same avisa følgt opp i eit intervju med Raudt sin stortingsrepresentant Mimir Kristjansson, som vil vere ven med regjeringa og klagar over at Støre ikkje set pris på det einseitige venskapet frå Raudt si side. Han framstiller det som ein brei raudgrøn allianse vann stortingsvalet i fjor, og bekymrar seg over at AP-leiarar no synest å svikte denne alliansen for å samarbeide "over streken i norsk politikk": **Men det finst ingen allianse!** Det finst ingen felles program, ingen felles politikk, ingen avtalar. Det blir ingen allianse av at Støre har drukke kaffe med Moxnes eller gått tur med Bastholm. Det einaste som sameinar dei fire partia er at dei alle ønska å bli kvitt den førre regjeringa. **Det finst ingen strek!** I dei aller fleste saker står Arbeiderpartiet saman med Høgre og andre parti i den førre regjeringskoalisjonen. I praktisk talt er Støre sin politikk stikk i strid med Raudt sitt program. Korleis kan da Raudt sin stortingsrepresentant og Klassekampen sin nyheitsredaktør konstruere ein allianse som ikkje finst?

Svein Lund  
Raudt-velgar